

# HANDLINGSPLAN SOGN CK 2016 – 2018

## 1. INNLEIING

Styret har teke utgangspunkt i årsmeldinga for 2015 og utarbeidd ein handlingsplan for dei neste 3 år. Mål og tiltak er fordelt på klubben sin aktivitet. Årsmøtet vedtek årleg revisjon av planen. Styret har ansvar for at tiltak vert sett i verk og gjennomføre etter målsetjinga. Årsplan for gjennomføring vert framlagt saman med årsbudsjett og vedteke på klubben sitt årsmøte.

## 2. AKTIVITET

- Organisasjon
- Sportsleg aktivitet:
  - Aktive (junior, senior, veteran)
  - Turgruppe
  - Terrenggruppe
- Økonomi
- Arrangement:
  - Jotunheimen Rundt / Sognefjellsrittet
  - Sykkelkarusell for barn
  - Terrengsykkelcup
  - Klubbritt landeveg

## 3. MÅL OG TILTAK

### 3.1 ORGANISASJON

Mål:

- Vi skal utvikle ein sterk organisasjon som er mest mogleg robust, motiverande, tillitsvekkande og har evne til å skape utvikling for sykkelsporten i Sogn over tid.
- Vi skal engasjere fleire av klubben sine medlemmer i våre aktivitetar, herunder styre-, komitéarbeid, trenaroppgåver og til klubben sine arrangement.
- Vi skal satse på utvikling av leiarar og trenarar for å styrke klubben sin organisasjon og sikre kontinuitet i ulike verv.
- Vi skal årleg gjennomføre rekrutteringstiltak retta mot ulike aldersgrupper for å styrke sykkelsporten i Sogn.
- Vi skal ha sosiale aktivitetar som famnar eit fleirtal av våre medlemmer.
- Vi ska auke profileringa av klubben i media.

Tiltak:

- Styret skal vere organisert etter gjeldande vedtekter.
- Styret nemner opp personar som har ansvar for oppgåver innan sportsleg aktivitet, økonomi og arrangement, som då organiserer aktiviteten etter klubben si målsetjing.
- I handlingsperioden skal klubben ha som mål å utdanne trenarar etter NCF sine normer.
- Klubben skal ha eit organisert treningstilbod til majoriteten av medlemmane, arrangere sykkelkarusell, klubbritt og legge til rette for dei som vil vere med i ritt / aktivitetar utanfor klubben.
- Sosialt samvær / sesongavslutning for klubben sine medlemer.
- Klubben skal stimulere til auka aktiviteten på si facebook-gruppe og spre klubbinfo via Sogn avis og andre media.

### 3.2 SPORTSLEG AKTIVITET

Junior:

Mål:

- Å ha klubbryttarar som hevdar seg på nasjonalt nivå.

Tiltak:

- Utdanne trenarar etter NCF sine normer.
- Legge til rette for at ryttarar kan delta på nasjonale og internasjonale ritt.

Turgruppa:

Mål:

- Få fleire ryttarar til å delta på felles trening og turritt.

Tiltak:

- Felles trening minst ein gong i veka i perioden mars – september.
- Tilbod om spinning i vinterhalvåret.
- Sosiale aktivitetar.

Terrenggruppa: Sogn ck-terreng

Mål:

- Få ryttarar til eit meir organisert opplegg rundt terrengsykling.

Tiltak:

- Organisering av Sogn ck-terreng, som undergruppa til Sogn CK. Gruppa organiserer seg sjølv mtp trening, konkurransar og andre aktivitetar.

### 3.3 ØKONOMI:

Mål:

- Klubben skal ha ei planlegging og styring av økonomien som gjev handlingsrom innafor vedtekne mål.

Tiltak:

- Det skal vere fastlagt rutinar for økonomirapportering i styret og til årsmøtet.
- Styret skal organisere, gjennomføre og fordele oppgåver som sikrar klubben inntekter frå arrangement.

### 3.4 ARRANGEMENT:

Mål:

- Klubben skal ha eit tilbod på arrangement for dei som har interesse for landeveg- og terrengsykling.

Tiltak:

- Klubben skal kvart år arrangere:
  - Jotunheimen Rundt / Sognefjellsrittet
  - Sykkelkarusell for barn
  - Terrengsykkelcup (på siktl)
  - Klubbritt landeveg og terreng.